

Oslo, 17. november 2022

## Mandat for arbeidsgruppe for arbeid med aukiing av medlemstal

Følgjande innspel kom inn til [årsmøtet i Wikimedia Norge 2022](#) frå Ulf Larsen, Trygve Nodeland, Anne-Sophie Ofrim, Fredrik Ljone og Tore Sætre.

*Årsmøtet ber styret opprette et særskilt prosjekt for en vesentlig utvidelse av WMNOs medlemstall.*

*Wikimedia Norge (WMNO) er ifølge [vedtektenes § 1 b](#)) en medlemsorganisasjon. En medlemsorganisasjon må ha medlemmer. Årsmøtet i 2018 vedtok et ambisiøst mål for økning av medlemstallet i WMNO. Utviklingen har gått i motsatt retning, idet medlemstallet har sunket. Det er vanskelig å se at arbeidet med å øke medlemstallet har vært prioritert, slik vedtaket fra 2018 forutsatte det skulle bli. Wikimedia-prosjektene retter seg mot allmennheten. Alle bør kunne være medlem av WMNO, og slik er det i dag. WMNO er imidlertid langt fra å være en massebevegelse. Som et første skritt på veien mot et høyere medlemstall, bør det være en naturlig ambisjon at de mest aktive bidragsytere til wikipediaprojektene på norsk og samisk er medlemmer. Det utgjør til sammen ca. 1500 personer. Dette arbeidet bør nå settes i gang, i første omgang gjennom en utredning av et utvalg. Utvalget bør være uavhengig av styret, men tilbys sekretærhjelp fra WMNOs sekretariat. Utvalget bør levere sin innstilling innen 1. oktober 2022. Utvalget får som mandat å foreslå konkrete mål for økt medlemstall. I første omgang bør utvalget fremsette konkrete forslag til hvordan Wikipedias mest aktive bidragsytere på norsk og samisk best kan rekrutteres som medlemmer. Dernest bør det formuleres en visjon for hvordan WMNO kan etableres som en folkebevegelse. Rapporten bør være offentlig tilgjengelig og gjenstand for offentlig diskusjon, blant annet på wikitreff over hele landet.*

Innspelet vart einstemmig vedtatt av årsmøtet, og det nye styret ser også dette som eit viktig arbeid. På grunn av endring i administrasjonen med ny dagleg leiar og oppstart av arbeid med ny strategi har det tatt tid før eit utval har blitt sett ned. Det er også starta eit arbeid i sekretariatet knytt til medlemsutvikling.

Utvalet sitt arbeid og avleverte rapport vil bli tatt med som del av medlemsutviklingsarbeidet i den nye strategien som skal leggest fram for årsmøtet i 2023.

### Mandatet

På grunnlag av det innsendte forslaget har styret utarbeidd dette mandatet til arbeidsgruppa: Utvalet skal legge fram ein kort rapport med konkrete tiltak for korleis aktive bidragsytarar på norsk (bokmål og nynorsk) og samisk skal kunne ynskje å bli medlemar. Utvalet skal særleg sjå på dei mest aktive bidragsytarane, men det bør også vera tiltak retta mot dei som er mindre aktive, og mot nye bidragsytarar.

Utvalet rapporterer til styret ved styreleiar.

## Avgrensing/rammer

Utvalet må ta utgangspunkt i Wikimedia Norge og Wikimedia Foundation sine styrande dokument og retningslinjer. Utvalet vil bli informert om arbeid med strategiplan og pågåande arbeid knytt til kommunikasjon, medlems- og organisasjonsutvikling som sekretariatet og styret arbeider med. Utvalet må også ta utgangspunkt i Wikimedia Norge sin økonomiske situasjon og rådande retningslinjer.

## Samansetning av utval

- 1 medlem frå sekretariatet
- 2-3 medlemmar/wikimedianarar

Utvalet er uavhengig av styret, og utvalet konstituerer seg sjølv.

Styret vel medlemmet frå sekretariatet. Andre medlemmar/wikimedianarar vert forsøkt rekruttert gjennom opne, etablerte kanalar. Ved stor interesse vil styret avgjere kven som deltek i utvalet.

## Økonomi

Om ynskjeleg kan utvalet få dekt utgifter til møteverksemd og innhenting av informasjon. Dette etter avtale med dagleg leiar av Wikimedia Norge.

## Tidsavgrensing

Utvalet blir sett ned i løpet av november, og leverer ei utgreiing 15. januar 2023 til WMNO-styret. Saman med sekretariatet gjer utvalet utgreiinga tilgjengeleg for medlemmar og andre interesserte gjennom wikitreff og andre interne og eksterne kommunikasjonskanalar. Utgreiinga vil bli presentert på Wikimedia Norge sitt årsmøte i 2023, og vil bli tatt med vidare i arbeidet med medlemsutvikling i organisasjonen.

For styret i Wikimedia Norge,

Marie Nicolaisen  
styreleiar

E-post: [marie@wikimedia.no](mailto:marie@wikimedia.no)

Tlf. 906 19 474